



Utval: Ungdommens fylkesutval
Møtestad: Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato: 14.11.2014-16.11.2014
Tidspunkt: 16:00-15:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Agnes H. Bernes	Leiar	
Gard Johanson	Nestleiar	
Cecilie Engen Fredheim	Medlem	
Vegard Kleppe	Medlem	
Benedicte Hellestveit	Medlem	
Hedda Emilie Hidle	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Lars Helle Fauske	Medlem	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Else – Marie Brobakke Aarø	Spesialrådgjevar, regionalavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 86/14	Godkjenning av innkalling		
PS 87/14	Godkjenning av sakliste		
PS 88/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 89/14	Evaluering Nettverkssamling 2014	2014/560	
PS 90/14	Klinikkstrukturplanen - høyringsuttale	2014/560	
PS 91/14	UR+UFU=SANT	2014/560	
PS 92/14	Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015	2014/560	
PS 93/14	Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 94/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 61/14	Norges Realfag gymnas Sotra - uttale frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 62/14	Fleire opne idrettsanlegg og øvingsrom for musikk - innspel til budsjettarbeidet	2014/560	
PS 95/14	Ymse		

PS 86/14 Godkjenning av innkalling

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente innkallinga.

PS 87/14 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente saklista.

PS 88/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval godkjente møteboka frå 04.11.2014.

PS 89/14 Evaluering Nettverkssamling 2014

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

- **Hotellet:** Var bra, men med utfordringa i samband om ombygging, noko dårleg service og problem med bookinga.
- **Mat:** Særs bra, men ønskje om noko sunnare pausemat.
- **Møterom:** Greitt, men ønskjer eit større møterom til Ungdommens fylkesting.
- **Prosess (Ragnhild sitt opplegg):** Positivt og ønskjer det same til neste samling.
- **Program:** Bra, tidspunkt for start og slutt var bra, , greitt med pausar, treng lengre snopepause til framtidige arrangement.
- **Deltaking frå kommunale ungdomsråd:** Som forventa, tal deltakande kommunar kunne vore betre. Deltakarane på samlinga var aktive.
- **Deltaking frå Ungdommens fylkesutval:** Skuffa over fråfall i siste liten. På Ungdommens fylkesting skal alle møte.
- **Resultat frå arrangementet:** Særs nøgd.
- **Sosialt:** Særs nøgd.

Vedtak

Ungdommens fylkesting vedtok at Nettverkssamlinga 2014 var særs vellykka og at det er ein mal ein kan basere framtidige samlingar på.

PS 90/14 Klinikstrukturplanen - høringsuttale

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek uttale til Klinikstrukturplanen slik den vert lagt fram frå leiar i opplæring og helse.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesting vedtok å utsette saka til neste møte 12.12.2014. Det vert fremja eit utkast til uttale i møtet.

PS 91/14 UR+UFU=SANT

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å utsetje denne saka til neste møte 12.12.14.

PS 92/14 Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Det har blitt skriven eit forslag til nytt Ungdommens planprogram som skal leggjast fram av Ungdommens fylkesutval på Ungdommens fylkesting. Forslaga Ungdommens fylkesutval fekk på nettverksamlinga er tatt med i betrakninga.

Ungdommens fylkesutval vedtek at Agnes skal skrive innkallinga til Ungdommens fylkesting. Med i den skal det være informasjon om val, oppmode om å sende nokon som kunne tenkje seg å stille til val, oppmode til å sende engasjert ungdom og informasjon om moglegheitene til å sende inn sakar til Ungdommens fylkesting på førehand. Invitasjonen vert skriven før møtet 12. desember.

Årsmeldinga vert skriven seinare, og vil bli sendt med budsjett og rekneskap etter jul.

Det er verte laga ein ny forretningsorden. Ungdommens fylkesutval tok utgangspunkt i den gamle forretningsorden og har endra ein del formuleringa og lagt til nokon punkt.

Når det gjeld valkomité og redaksjonskomité foreslår Ungdommens fylkesutval følgjande personar Cecilie Fredheim, Erlend Risvand Mo, Thomas Valdernes, Lars Henrik Nesse, Otto Galtung, Maria Vatnøy og Hedda Hidle. Kven som skal være i kva komité må me komme fram til på eit seinare tidspunkt.

Når det gjeld gjestar på Ungdommens fylkesting foreslår Ungdommens fylkesutval Lars Henrik Nesse. Ungdommens fylkesutval vil og at alle dei fylkeskommunale medverkingsorgana for ungdom i Noreg blir invitert som observatørar

Køyrereglane for Ungdommens fylkesting vil bli laga på helgemøtet i januar og i samband med delegatane på Ungdommens fylkesting.

Når det gjeld oppfølging av ungdomsråd for å få god oppfølging på Ungdommens fylkesting, så vedtek Ungdommens fylkesutval at Agnes og Cecile skal ta seg av det.

Ungdommens fylkesutval foreslår at Mona Hellesnes skal holde hovudtalen på Ungdommens fylkesting på laurdagen. Talen skal handle om kvifor ungdomsmedverking er viktig og kvifor det er viktig å ha eit Ungdommens fylkesting. Mona har sagt ja til dette, men vil ha meir informasjon og ein invitasjon seinare.

Praktiske detaljar for Ungdommens fylkesting utsetjast til eit seinare møte.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek at førebuinga til Ungdommens fylkesting skjer som skissert over.

PS 93/14 Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Det er med utgangspunkt i dei gamle vedtektene laga eit forslag til nye vedtekter. Vedtektene vil bli sendt til desisjonskomiteen slik at dei kan få sjå igjennom dei og gje tilbakemelding. Det er i tillegg blitt skriven eit utdjuingsdokument for Ungdommens planprogram som inneheld ein del retningslinjer på korleis Ungdommens planprogram skal være oppbygd.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å sende vedtektene til administrasjonen for å få innspel til det endelege forslaget som vert sendt til ungdomsråda.

PS 94/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval tek referatsakane til orientering.

RS 61/14 Norges Realfag gymnas Sotra - uttale frå Ungdommens fylkesutval

RS 62/14 Fleire opne idrettsanlegg og øvingsrom for musikk - innspel til budsjettarbeidet

PS 95/14 Ymse

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 14.11.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtok eit samarbeid med Elev Organisasjonen for å få oppretta eit elev og lærlingombod i Hordaland. Agnes og Vegard skal delta på eit møte med Elev Organisasjonen den 17.11.2014 for å lage ein plan for vidare arbeid.